

## Invitasjon til prosjektverkstad

# Horisont 2020: energi, klima, transport med relevans til Sogn og Fjordane

Stad: Knaken kafé og kulturformidling, Kaupanger

Tid: torsdag 26. oktober kl. 9.00 – 15.00

Pris: Gratis. Det blir servert lunsj.

### Du vil mellom anna møte:



**JANICKE ANNE  
GIÆVER**  
Seniorrådgjevar for  
klima og miljø  
Forskningsrådet



**CARLO AALL**  
Forskningsleiar  
Vestlandsforskning



**VALERIA JANA  
SCHWANITZ**  
Miljøforskar  
Høgskulen på  
Vestlandet



**TROND HAAVIK**  
Leiar av  
internasjonale  
operasjonar  
Segel



**VERENA  
HACHMANN**  
Seniorrådgjevar for  
transport  
Forskningsrådet



**OTTO ANDERSEN**  
Miljøforskar  
Vestlandsforskning

Horisont 2020 er verdas største arena for forskings- og innovasjonssamarbeid. Du er invitert til prosjektverkstad saman med andre aktørar i fylket som har interesse og mål om H2020-prosjekt.

Det er det nystarta EU-nettverket for Sogn og Fjordane som inviterer til samlinga, og du er velkommen til å bli ein del av nettverket. Tema for prosjektverkstaden er energi, klima og transport.

På verkstaden vil vi bli betre kjend med kvarandre, høyre om moglegheiter i H2020, lære av andre sin erfaringar, og arbeide med prosjektidear. Målet er at vi saman kan utvikle ideane til solide prosjektsøknadar som kan utløyse forsking- og innovasjonsstøtte frå EU.

Det er Forskningsrådet som har gitt støtte til etableringa av EU-nettverk for Sogn og Fjordane. Målet med det nye nettverket er at forskarar, offentlege etatar og næringslivet i fylket saman skal bli betre rusta til å delta i Horisont 2020. Bli gjerne med i nettverket – treff gamle og nye kjende! Velkommen!

[Påmelding her](#) eller pr. e-post til [zno@vestforsk.no](mailto:zno@vestforsk.no) innan 20. oktober 2017

**Janicke Anne Giæver, Verena Hachmann og Maan Singh Sidhu, Forskningsrådet**, vil informere om korleis Horisont 2020 bidreg til internasjonalt samarbeid om energi, klima og transport, og om relevante moglegheiter for Sogn og Fjordane i neste arbeidsprogram for 2018-2020.

**Trond Haavik, Segel AS** vil gi tips om korleis finne fram til aktuelle FoU-aktørar og finansieringsordningar, og orientere om EU-prosjektet COHERENO (Collaboration for housing nearly zero-energy renovation) om energieffektivisering og oppgradering av bustader.

**Valeria Jana Schwanitz, Høgskulen på Vestlandet** vil snakke om hennar erfaring med vurdering av H2020 prosjektsøknader og gi tips til skiving av søknadar, om samarbeid med [EERA](#) (European Energy Research Alliance) og om moglegheiter for nye prosjektsamarbeid som kan føre til lågare regionale CO<sub>2</sub> utslepp.

**Carlo Aall, Vestlandsforskning**, vil orientere om forskingsområde og prosjekt i Vestlandsforskning som er relevante for nye samarbeid om energi, klima og transport i H2020.

**Otto Andersen, Vestlandsforskning** vil orientere om eit nytt H2020 prosjekt: ENABLING (Enhance New Approaches in BioBased Local Innovation) om bioøkonomi, og gi tips til korleis utvikle prosjektsøknadar, etablere nettverk og involvere sluttbrukarar.